



Landbruks- og matdepartementet

Teatergata 9
0180 OSLO

1. februar 2016

Innspel til meldinga om jordbrukspolitikken

Innspel frå Norsk villsaulag - NVL.

Norsk villsaulag NVL syner til e-postmelding frå Landbruks- og matdepartementet (LMD) datert 29.01.2016 med oppmoding om at aktørar innan jordbruksnæringa bør kome med innspel til arbeidet med næringspolitisk melding om jordbrukspolitikken som skal legge rammer for norsk matproduksjon framover, korleis matproduksjonen kan aukast og korleis konkurransekrafta for jordbruksnæringa kan betrast. Norsk villsaulag vil med dette ta imot denne utfordringa.

Norsk villsaulag er ein frittstående, medlemsbasert organisasjon som i utgangspunktet er eit raselag for sauerasen gamalnorsk sau (GNS) og som slik er ein interesseorganisasjon for dei sauebøndene som har denne rasen i aktiv sauedrift. Samstundes er NVL og ein organisasjon for driftsforma villsaudrift – formelt kalla utedrift etter småfêforskrifta § 18 – ei vidareføring av den gamle, tradisjonelle driftsforma for den norske varianten av nordeuropeisk korthalesau. Frå å vere på kanten av å forsvinne som aktiv driftsform like etter andre verdskrigen, vart restane av denne sauerasen og den tilhøyrande driftsforma re-vitalisert og reorganisert først på 1950-talet og seinare på 1980-talet, slik at både sauerase og driftsform har ekspandert. I dag reknar vi med at samla tal på villsausøyer ligg i storleiksorden 50-60.000 dyr og representerer både ei driftsform og ein produksjon som lokalt og først og fremst i kystjordbruket frå Rogaland til Nordland vil kunne vere eit produksjonselement å rekne med innan kombinasjonsjordbruket. Interessa er framleis stigande og dyretalet er framleis aukande. NVL har intensjonar om å kunne vere denne produksjonen sitt service-organ og eit mellomledd mellom villsaubønder og aktuelle styresmakter. Dette inneber og å kunne bygge opp og utvikle ei gammal og tradisjonell driftsform i samsvar med dagens krav til dyrevelferd og kunne stå

Norsk Villsaulag – Selvågvegen 160, 6068 EIKSUND - Org.nr.: 8991999952 - Kontonr.: 3628.07.15446
- post@villsau.no

www.villsau.no



for produkt som vil dekke ei eigen nisje innan sauedrift og husdyrhald. Som nemnt, er organisasjonen frittstående, men har ein samarbeidsavtale med Norsk Sau og Geit (NSG) og har naturleg nok mange overlappende interessefelt med dei. NVL vil såleis nyte godt av mykje av det NSG er talsorganisasjon for når det gjeld sauedrift generelt, særleg det som gjeld kvantumsproduksjon av sauekjøt. Derfor vil NVL i denne samanheng setje fokus på det som er særlege ved villsaudrift og som skil denne driftsforma frå moderne sauedrift, og dei produkt som bruk av gamalnorsk sau i aktiv husdyrhald kan stå for som eit supplement til kvantumsretta produksjon av sauekjøt.

Gjennom forenklingar frå 2014 fjerna Jordbruksavtalen definisjonsbehovet for kva som er «vinterfora» sau og gav driftsforma «utegang» den betring i økonomigrunnlaget NVL hadde etterlyst i fleire år. Poenget var at *driftsforma* vart akseptert som sådan, Det er eit sentralt poeng at villsaudrift som driftsform er radikalt annleis enn tradisjonell fjøsdrift. For å kunne praktisere utegang på ein fagleg og dyrevelferdsmessig god måte, er kravet til drift og ansvar og også tidsbudsjett betydeleg, særleg dersom siktemålet er å nytte heile potensialet som ligg i gamalnorsk sau og utegang som driftsform. Det økonomiske grunnlaget er like avgjerande for god drift i utegang som i fjøsdrift.

Eit sentralt punkt for NVL er ei bevisstgjering av kva som frå NVL og villsaudrifta forsvarar at villsaubønder skal vere rettmessige mottakarar av tilskot frå storsamfunnet. For NVL er det heilt sentralt å bevisstgjere «totalproduksjonen» gjennom villsaudrift, og korleis det kan vere med på å oppfylle politiske og samfunnsmessige målsetjingar nasjonalt, lokalt, eller og i internasjonal samanheng. På den måten kan ein best og mest konstruktivt forsvare sin plass først og fremst innan sauedrift i kystjordbruket, dagens tilskotsordningar og eventuelt dei driftsmessige betringane det framleis er råd å oppnå bl.a. gjennom jordbruksavtalen.

Med tilvising til føremålsparagrafen finn NVL godt grunnlag for nettopp bruk og utvikling av gamalnorsk sau og villsaudrift er med på å oppfylle nasjonale målsetjingar:

1. Det er ei nasjonal målsetjing å ta vare på gamalnorsk sau som nasjonal sauerase og Norge har eit internasjonalt ansvar for vår variant av den nordeuropeiske korthalesauen.
2. Det er ei nasjonal målsetjing og eit internasjonalt ansvar for Norge å ta vare på restane av kystlyngheia. Tradisjonell villsaudrift har vore viktig for å ta vare på naturtypen og ved å hauste av naturgjeven produksjon. I vårt land er det først og fremst gamalnorsk sau som evnar å nyttiggjere seg dette beitegrunnlaget, samanlikna med andre sauerasar.
3. Det er ei nasjonal målsetjing å ta vare på kystkulturlandskapet elles. Som for kystlyngheia har store delar av dette landskapet kome ut av drift og grodd att. Slik husdyrhald i norsk jordbruk er i dag, vil villsaudrift vere ein viktig faktor for vedlikehald/restaurering av kulturlandskapet der viktige element vanskeleg kan skjøttast gjennom anna husdyrhald.
4. Det har til no vore ei målsetjing også nasjonalt å oppretthalde utkant- og kystsamfunn i Norge. «Fiskarbonden» som grunnlag for eit samla inntektsgrunnlag har vore tradisjon. Utan å gjere det til eit hovudelement, vil villsaudrift som del av husdyrhald langs kysten framleis kunne gje eit tilskot til inntektsgrunnlaget basert på kombinasjonsdrift.



5. Det er ei miljøpolitisk målsetjing å legge berekraft og økologiske prinsipp til grunn for all produksjon. Få andre driftsformer innan norsk jordbruk er så reindyrka basert på berekraft som villsaudrift, bygt på naturgjevne og lokale ressursar og kort avstand til forbrukar.
6. «Levande bygder» er eit viktig reiselivsprodukt i Norge og er ein del av målsetjinga med å utvikle reiselivsnæringa nasjonalt. Gjennom ein kombinasjon av punkta ovanfor, vil villsaudrift vere med på å heve kvaliteten av kystlandskapet som reiselivsprodukt.
7. Skjøtsel av beitegrunnlag på innmark og utmark vil vedlikehalde beredskapen på sikt ved at det ved behov nødvendigvis vil vere lettare å utvide og effektivisere eksisterande produksjon, enn å re-etablere og utvikle produksjon på areal som har vore ute av hevd i lang tid.

Dette er viktige delar av dei samla produkta frå villsaudrift og som det er naudsynt å bevisstgjere frå NVL si side, internt i organisasjon og blant villsaubønder, blant folk flest, men ikkje minst over for styresmaktene når det gjeld logisk og rettmessig grunnlag for ulike tilskotsordningar.

- Samstundes er det viktig å hente ut villsauslakt som matvare og kvalitetsprodukt ut frå sauen sine eigenskapar, ikkje nødvendigvis i kvantitet, men meir som kvalitetsproduksjon og nisjeprodukt.
- Pelsverk som bruksskinn og som råvare for førearbeidde skinnprodukt er utnytta til ei viss grad, men potensialet er vesentleg større. Fokus må setjast på variantar og kvalitet av pelsverk frå villsau.
- Det er eit potensiale for bruk av villsau-ull, langt meir enn det som har vorte nytta til no, og behov for å bevisstgjere fargevariantar og ullkvalitet.

Som for slakteprodukt burde denne delen av villsauproduksjon vere sjølvfinansierande, ikkje finansiert gjennom tilskot ut over pionerprosjekt for utvikling av nisjeprodukt. Det som skal vere villsaudrifta sine «salgbare produkt» i høve til offentleg tilskot, bør inkludere alle «produkt» der driftsforma er med på å oppfylle prioriterte, politiske og samfunnsmessige mål, men som ikkje kan omsetjast som vare til forbrukarane.

For NVL og for villsaudrift etter «utegang» er det viktig å legge formålsparagrafen i vedtektene til grunn, både målsetjinga om å ta vare på gamalnorsk sau som rase/sauetype, men der også driftsforma og slakteproduktet vil vere viktig. Gjennom «Forskrift om vern av **Villsau** frå Norskekysten/**Villsau** fra Norskekysten som geografisk nemning» er NVL rettmessig eigar av merkevara «Villsau frå Norskekysten». Laget arbeider for tida med å kunne ta dette varemerket i bruk som kvalitetsstempel på den nisjeproduksjon av kjøtt produsert i samsvar med den aktuelle forskrifta. Siktemålet er at dette skal kunne gje rom og grunnlag for lønsemd i ei driftsform som vil kunne ha sin eigen plass utan å konkurrere med dei ressursane som er grunnlaget for andre og meir kvantumsbaserte former for slakteprodukt.

NVL ser det derfor som naturleg at også denne produksjonsforma får sin rettmessige plass når jordbrukspolitikken blir utforma og rammene vert lagde for norsk matproduksjon. I ein slik



sammenheng er det viktig å sjå til at også variasjonsbreidda og nisjeprodukt får sin plass, ikkje minst når det samstundes kan marknadsførast som vidareføring av tusenår gammal tradisjon inn i nye bruksmiljø, samstundes som det til fulle oppfyller ideelle krav til ressursutnytting og berekraft.

Konklusjon:

Med tradisjonar som har sine røter 4-5000 år bakover i tid, er det NVL si overtyding at gamalnorsk sau og villsaudrift som driftsform har ein rettmessig plass også i dagens jordbruk. Derfor ynskjer laget eit samarbeid med forvalting og andre styresmaktene, basert på kunnskap og erfaring, slik at det skal vere råd å utvikle villsaudrift som ein framtidsretta og berekraftig del av norsk jordbruk. NVL ser det derfor som sjølvstøtt at denne driftsforma også skal vere ein integrert del av jordbruksnæringa og jordbrukspolitikken, naturleg nok då først og fremst som ei produksjonsform knytt til kulturlandskapet langs kysten

For Norsk villsaulag

Alv Ottar Folkestad
Leiar/sakshandsamar